



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1615 - 18/17253

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

30.05.2018

Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet til uttale - gbnr 172/3 Hopland

Tiltak: dispensasjon bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 172/3 Hønsedalen 38
Tiltakshavar: Magnar Hopland
Ansvarleg søkjar: Sweco Norge AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023. Søknad om dispensasjon er sendt inn i samband med ønske om å bruksendre ein eksisterande driftsbygning til bustadar og næringsareal (frisørsalong). Tiltaket det er søkt om dispensasjon for omhandlar og etablering av parkeringsareal til dei planlagte nye bustadane og næringsarealet.

Den planlagte bruksendringa medfører ein del fasadeendringar i bygget i form av at det vert sett inn fleire vindauge, inngangsparti, terrasse og også veranda ut mot kommunal veg.

Slik kommunen vurderer innsendt teikningsmateriell omhandlar tiltaket etablering av 3 bueiningar samt eit næringsareal som er planlagt nytta som frisørsalong.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål og krev at det vert gjeve dispensasjon frå gjeldande plangrunnlag. Arealet ligg innanfor omsynssone landbruk.

Eigedomen ligg i spredt bygd strøk og grensar opp mot Seim Kyrkje og reguleringsplan Seim Kyrkjegard og Haakonshaugen amfi. Grunna nærleik til Kyrkje og gravplass vert søknaden sendt til Bjørgvin Bispedømme jf. rundskriv T-2000-3 punkt 4.2 og 4.3 til uttale og eventuelt vedtak etter kirkeloven.

Bygget ligg tett inntill kommunal veg og bruksendringa krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå avstandskrav til offentleg veg. Ei eventuell bruksendring vil og krevje at det vert søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse til kommunal veg. Saka vert difor sendt Teknisk drift v/vegavdelinga til uttale og vurdering i høve veglova.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Det ligg kommunal vass- og avlaupstrase i vegen innanfor 4 meter frå det eksisterande bygget. Det er i søknad opplyst at ein planlegg påkobling til kommunalt vass- og avlaupsverk. Saka vert difor sendt Teknisk drift v/vass- og avlaupsavdelinga til uttale og vurdering i høve VA-norma.

Før kommunen handsamar søknaden vert saka sendt til regionale og lokale planstyresmynde til uttale. Vår handsaming av søknaden vil i stor grad avhenge av dykkar uttale i saka.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå arealformål - gbnr 172/3 Hopland

Dispensasjonssøknad

Vedlegg 1 - Sit.plan

Vedlegg 2 - Plantegning - plan 1, 3 og 4

Vedlegg 3 - Plantegning - plan 2

Vedlegg 4 - Fasader nord og sør

Vedlegg 5 - Fasade vest

Vedlegg 6 - Fasade øst

Vedlegg 7 - Snitt

Naboliste, sign. 03.05.18

Opplysninger gitt i nabovarsel

Følgdebrev nabovarsel

Kartutsnitt grunnkart matrikkel gbnr 172_3

kartutsnitt KPA gbnr 172_3

kartutsnitt orthofoto 2015 gbnr 172_3

Kopi til:

Magnar Hopland	Hønsedalen 40	5912	SEIM
Sweco Norge AS	Fantoftveien 14P	5072	BERGEN
Sweco Norge AS	Postboks 80 Skøyen	0212	OSLO

Mottakarar:

Bjørgvin Bispedøme	Postboks 1960 Nordnes	5817	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Landbruksavdelinga			
Planavdelinga			
Teknisk drift vass- og avlaup			
Teknisk drift veg			